



BUSKERUD FYLKESKOMMUNE  
Postboks 3563  
3007 DRAMMEN

Dato: 25.09.2017  
Vår ref.: 2014/11266-32  
Saksbehandlar: snowaag  
Dykkar ref.:

## **Planprogram for rullering av Regional plan for Hardangervidda. Vedtak om høyring og offentleg ettersyn**

Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune gjorde i møte 24. august 2017 følgjande vedtak om høyring og offentleg ettersyn av planprogram for Regional plan for Hardangervidda:

1. Fylkesutvalet vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 8-3 andre ledd høyring og offentleg ettersyn av forslag til planprogram for rullering av Regional plan for Hardangervidda med høyringsfrist 15. oktober 2017.
2. Hardangerviddarådet/styringsgruppa for planarbeidet skal drøfte og anbefale endringar av planprogrammet med bakgrunn i høyringsinnspela før planprogrammet vert lagt fram for fylkesutvalet for sluttbehandling.
3. Det vert føresett likelydande vedtak i Telemark fylkeskommune og Buskerud fylkeskommune.

Saksframlegg og protokoll er vedlagt.

Marit Rødseth  
Plansjef

Snorre Waage  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Ellen Korvald  
TELEMARK  
FYLKESKOMMUNE  
FYLKESMANNEN I  
HORDALAND

Arkivnr: 2014/11266-27  
Saksbehandlar: Snorre Waage

## Saksframlegg

### Saksgang

## Planprogram for rullering av Regional plan for Hardangervidda. Vedtak om høyring og offentleg ettersyn

### Samandrag

Fylkeskommunane i Buskerud, Telemark og Hordaland har som del av sine regionale planstrategiar (2017-2020) vedteke å rullere Regional plan for Hardangervidda. Hovudtrekka i den regional planen som ble vedteken i 2011 vert føresett vidareført. Føremålet med rulleringa er å rette opp svakheiter i gjeldande plan. Arbeidet vert leda av Hardangerviddarådet som er styringsgruppe for arbeidet. Rådmannen rår til at Hardangerviddarådet sitt forslag til planprogram vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn.

### Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 8-3 andre ledd høyring og offentleg ettersyn av forslag til planprogram for rullering av Regional plan for Hardangervidda med høyringsfrist 15. oktober 2017.
2. Hardangerviddarådet/styringsgruppa for planarbeidet skal drøfte og anbefale endringar av planprogrammet med bakgrunn i høyringsinnspela før planprogrammet vert lagt fram for fylkesutvalet for sluttbehandling.
3. Det vert føresett likelydande vedtak i Telemark fylkeskommune og Buskerud fylkeskommune.

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.08.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 8-3 andre ledd høyring og offentleg ettersyn av forslag til planprogram for rullering av Regional plan for Hardangervidda med høyringsfrist 15. oktober 2017.
2. Hardangerviddarådet/styringsgruppa for planarbeidet skal drøfte og anbefale endringar av planprogrammet med bakgrunn i høyringsinnspela før planprogrammet vert lagt fram for fylkesutvalet for sluttbehandling.

3. Det vert føresett likelydande vedtak i Telemark fylkeskommune og Buskerud fylkeskommune.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Planprogram for rullering av Regional plan for Hardangervidda.

## Fylkesrådmannen, 12.07.2017

Fylkeskommunane i Buskerud, Telemark og Hordaland vedtok hausten 2016, i sine regionale planstrategiar, å rullere Regional plan for Hardangervidda.

Dei tre fylkeskommunane har våren 2017 hatt tilnærma like saker i sine fylkesutval om rulleringa. I saksutgreiinga, som fylkesutvala har slutta seg til, er følgjande presisert om ambisjonsnivå (sitat frå meldingssak 96/17Hordaland fylkesutval):

Dette er ein rullering, og arbeidet skal ikkje gjerast meir omfattande enn naudsynt.

Arbeidet skal bygge på gjeldande plan. Rulleringa skal ta opp til vurdering ein del problemstillingar som vart definert allereie i sluttfasen av gjeldande plan, problemstillingar som har oppstått etter vedtak og problemstillingar som lokale og regionale aktørar ser behov for å belyse.

Hardangerviddarådet er styringsgruppe for planarbeidet. Dette består av ordførar (eller ein annan sentral politikar) i kvar av dei ni Hardangervidda-kommunane, to sentrale politikarar frå kvar av fylkeskommunane, ein representant frå kvar av dei tre fylkesmennene og leiar av villreinnemnda. Hordaland fylkeskommune sine medlemmer er Linda Haugland Jondahl og Gustav Bahus.

Oppstartsmøte for planarbeidet vart gjennomført 13.03.2017. Planprogrammet er etter dette utarbeidd i dialog med administrasjonen i dei aktuelle kommunane, fylkeskommunane, fylkesmenn og villreinnemnda.

Planprogrammet skisserar kort:

- Bakgrunn for planarbeidet
- Nasjonale og fylkeskommunale føringar
- Sentrale planspørsmål i rulleringa:
  - geografiske stader der framtidig arealbruk av ulike grunner må vurderast.
  - tematiske problemstillingar der kunnskapen må oppdaterast.
- Kunnskapsbehov, med oversikt over eksisterande kunnskap og nytt kunnskapsbehov. Rulleringa vil i stor grad bygge på eksisterande kunnskap, samt ein evaluering av planen slik den har verka sidan den vart vedteken i 2011. Noko ny oppdatert kunnskap vil og bli utarbeida.
- Organisering og praktisk gjennomføring

Styringsgruppa drøfta utkast til planprogram i sitt møte 29. juni og rår til at vedlagte planprogram datert 29.06.2017 vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn.

### Heimelsgrunnlag / rettsreglar

Plan- og bygningslova §4-1 om planprogram og §8-3 om utarbeiding av regionale planer gir det formelle grunnlaget for planarbeidet. Hensikta med planprogrammet er å gje rammer for sjølve planarbeidet, både prosess og innhald. Sentralt i lovens føringar er og varsling av planarbeidet og føresetnad om dialog og medverknad frå statlige organ og kommunar.

Høyringsperioden skal være minst seks veker. Planprogrammet vert fastsett av regional planmyndighet.

### Alternative løysingar

Med bakgrunn i fylkas regionale planstrategiar, og fylkesutvalas sak om rammer for rulleringa (meldingssak 96/17 til Fylkesutvalet) om opplegg for planprosessen, er det i praksis lite handlingsrom for opplegget. Innhaldet i planprogrammet er eit resultat av ein prosess i dialog med involverte parter.

### Økonomiske konsekvensar

Rammene for dette ble fastsett i sak 96/17 i fylkesutvalet den 22.06.2017. Det ble der fastsatt at alle tre fylkeskommunar bidreg med 350.000 kroner kvar. Buskerud fylkeskommune har påtatt seg prosjektleiinga, gitt ei fordeling av kostnader for prosjektet mellom dei tre fylkeskommunane.

**Fylkesrådmannen si vurdering**

Fylkesrådmannen anbefaler at vedlagte forslag til planprogram vert lagt ut til høyring og offentlig ettersyn. Høringsfristen vert sett til 15. oktober.

Høyring og varsel om planoppstart vil bli kunngjort i aktuelle aviser og orientert om på fylkeskommunane sine nettsider. Aktuelle statlege etatar, aktuelle kommunar, samt aktuelle organisasjonar skal skrivast til om høyringa.